



Lovande målvakter på keeperskule.

**Rosendal Turnlag arrangerte laurdag og søndag keeperskule. Bergen keeperskule hadde opplegget, og dei stilte med svært godt kvalifiserte instruktører. Det vert meldt om svært godt opplegg, og dei håpar dette skal medverka til at det vert mange gode målvakter i framtida.**

Det var tilsaman 17 spelarar som deltok på keeperskulen, og dei kom frå 5 ulike klubbar; - Rosendal, Uskedal, Trio, Odda og Solnut. Frå Uskedalen stilte 5 unge målvakter. Det var Karsten H. Bjørnebøle, Tørres M. Lekva, Selma Ovidia G. Tarberg, Celine Musland og Ole H. Eik.

Rosendal turnlag er svært godt fornøgde med tiltaket, og dei håpar å kunna få i stand ein ny keeperskule i slutten av august.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto frå RT si heimeside.